

NC2017+Voss

Statoil NorgesCup 2017 Voss
nc2017@skivoss.no
90755180

10. Januar 2017

Funksjonærar NorgesCup langrenn

TEMA

Funksjonärsamling NC langrenn Jr – 24. januar 2017

Vener av langrennsporten og funksjonærar av NC langrenn jr. 17.-19. februar 2017

Takk for at du/de har sagt ja til å være med å bidra som funksjonær. Dette bidrar til at VSOT v/eigarlaga Voss IL, Bjørgum, Viljar, Vargar og Ørnar, samt Voss Skiskyttarlag kan arrangera NC for junior langrenn i Herresåsen. Det er heilt avgjerande at me førebur oss på denne oppgåva ved å planleggja, øva og informera kvarandre om kva som skal skje desse dagane i Åsen.

I den anledning har me gleda av å invitera deg/dykk til funksjonärsamling på Park Hotel 24. januar 2017 kl 19.00.

Målet med samlinga er å gje kvar og ein av dykk generell informasjon om arrangementet, detaljinformasjon om det arbeidsfeltet du/de er tenkt å verta bedne om å utføra. Vidare skal me prøva å svara på spørsmål som dukkar opp, og skulle det koma forslag om forbeteringar basert på tidligare erfaringar, skal også dei med i planlegginga av arrangementet.

Me ser fram til ein kveld med nytting utveksling av informasjon og klargjering av oppdraget

Med venleg helsing

Oddvar Jansen
Leiar org.komm

Arnstein Aas
Rennleiar